



HORDALAND  
FYLKESKommUNE



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKommUNE



**RETNINGSLINER**

**TILSKOT TIL**

**FYSISKE TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK**

## 1. Føremål med tilskotsordninga

Føremålet med ordninga er å styrkje trafikktryggleiken på og langs veg i kommunane. Det er eit viktig prinsipp for trafikktryggingarbeidet at kunnskap om utfordringane er på lokalt nivå i kommunane. Tilskotsordninga kan såleis gi ei viktig kopling mellom kommunale behov og fylkeskommunale prioriteringar.

## 2. Typar tiltak omfatta av ordninga

Tilskot frå ordninga vert tildelt fysiske trafikktryggingstiltak på og langs kommunal og fylkeskommunal veg retta inn mot mjuke trafikantar, særleg barn og eldre, samt tiltak som reduserer risikoen for møte- og utforkøyringsulukker. Ordninga kan også gi tilskot til gang- og sykkeltilbod som ikkje ligg langs køyreveg. Tiltaka som får tilskot skal innehalde enkle og kostnadseffektive løysingar som direkte medverkar til å auke trafikktryggleiken.

## 3. Målgruppe

Målgruppe for ordninga er kommunane i Vestland fylke.

## 4. Tildeling

Tilskot innanfor denne ordninga vert tildelt ein gong i året.

## 5. Kriterium for tilskotsordninga

Følgjande grunnleggande kriterium gjeld for ordninga:

- Ordninga vil vere basert på søknader frå den enkelte kommune.
- Tiltaket må i utgangspunktet gjelde kommunal eller fylkeskommunal veg.
- Det er krav om oppdatert kommunal trafikktryggingssplan.
- Det er eit krav at tiltaket er planavklart, eller at tiltaket ikkje har behov for planavklaring.
- Det er krav om kommunal medfinansiering.
- Tiltaket skal som hovudregel gjennomførast innan utgangen av det året tilskotet vert gitt. Der tiltaket er starta opp innan slutten av tildelingsåret, kan tilskotet overførast til påfølgjande år.
- Tilskotet vert først utbetalt når tiltaket er gjennomført og fylkeskommunen har motteke tilfredsstillande dokumentasjon på fullføring.
- For tiltak som ikkje er starta opp i tildelingsåret, vil tilskotet bli trekt tilbake.

## 6. Krav om eigendel

Eigendelen av kostnaden med tiltaket vil vere minimum 50 prosent av totalkostnaden. Kommunane er ansvarlege for eventuelle meirkostnader i høve til totalkostnad oppgitt i søknad.

## 7. Øvre tilskotsgrense

Det vert sett ei maksimal tilskotsgrense på kr 250 000,- til kvart enkelt tiltak som får tilskot. Tilskot gjennom ordninga kan dekke opp til 50 prosent av totalkostnaden for tiltaket. Vert sluttkostnad for tiltaket redusert i høve til totalkostnad i søknad, vert det fylkeskommunale tilskotet redusert med tilsvarande prosentdel.

## 8. Ansvar for å forvalte tilskotsordninga

Trafikktryggingsutvalet (FTU) forvaltar midlane på vegner av fylkeskommunen. Infrastruktur og vegavdelinga er sekretariat for FTU og utfører den praktiske administrasjonen av tilskotsmidlane. Midlane vert tildelt etter søknad til konkrete prosjekt/tiltak i den enkelte kommune. Den endelege prosjekt-/tiltakslista blir lagt fram for FTU for handsaming og vedtak om tildeling av tilskotsmidlar.